



Årsplan 2020 - 2021

Stokkalandsmarka barnehage

1. Presentasjon av barnehagen

- 1.1. Barnehagens visjon
- 1.2. Egenart / profil
- 1.3. Prosjektarbeid
- 1.4. Kosthald og helse
- 1.5. Bruk av lokalmiljøet

2. Barnehagens sitt verdigrunnlag

- 2.1. Barnehagen skal ivareta barnas behov for omsorg
- 2.2. Barnehagen skal ivareta barnas behov for lek
- 2.3. Barnehagen skal framme danning
- 2.4. Barnehagen skal fremme læring

3. Fokusområder fra Kvalitetsplan for barnehagen og prosjekt «Trygt og inkluderande barnehagemiljø»

4. Medverking.

- 4.1. Barn
- 4.2. Foreldresamarbeid

5. Overgangar.

- 5.1. Når barnet begynner i barnehagen
- 5.2. Overgang innad i barnehagen
- 5.3. Overgang mellom barnehage og skule

6. Samarbeid.

- 6.1. Samarbeid internt i barnehagen
- 6.2. Samarbeid med eksterne instansen

7. Trafikksikker barnehage

8. Vurdering.

Innleiing

Barnehagen sitt samfunnsmandat er i samarbeid og forståelse med heimen, ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

Innhald

1. Presentasjon av barnehagen

1.1 Barnehagen sin visjon

Alle sansar på, vi skal lære nå.

Vi vil at visjonen vår skal vera levande og at barna skal bruke «heile seg». Å lære betyr å bruka hovudet, kroppen og hjerta (fritt etter Sigurd Aukland). Barnehagen legg difor opp til varierte aktivitetar som gjer at barna får ta i bruk alle sansane sine.

Barn lærer gjennom leik og i samspel med andre. Difor varierer vi mellom aktivitetar som vaksne legg til rette og aktivitetar som barna sjølv vel eller leik dei sjølv organiserer.



1.2 Barnehagen sin eigenart

Stokkalandsmarka er ein kommunal barnehage. Barnehagen var ny i august 2011 og ligg i eit nyetablerings-område mellom Vigrestad og Brusand. I gangavstand ligg Haugstadskogen og industriområdet i Stokkalandsmarka. Sidan vi har så flott nærområde brukar vi det aktivt, enten i skogen eller på ein av dei flotte leikeplassane.

Barnehagen har fleire spesialrom, slik som stort gym.rom, sanserom, formingsrom og badebasseng.

Barnehagen har for tida 91 barn, fordelt på 8 grupper.

Dei minste er i aldersreine grupper, 1- og 2-åringar. Frå barna er ca 3 år, begynner dei på stor avdeling. Då er dei saman med 4-åringar. Det er to grupper med 3- og 4-åringar. Det er og 2 grupper med 4- og 5-åringar.

Vi vil at barna skal oppleva glede og trivsel saman med andre barn i kvar-dagsaktivitetar, leik og læring. Barn i barnehagealder er sosiale aktørar som sjølv medverkar til eiga og andre si læring og trivsel.

Men, dei vaksne har ei viktig rolle, dei må observera og på ein taktfull måte bekrefte og anerkjenna barna i den sosiale læringa.

Vi arbeider for at alle skal få oppleva kva det vil seia å ha venner, kva det vil seia å vera ein venn og korleis vi opptrer overfor venner.

Å samhandla med andre og å få venner er noko av det viktigaste vi kan læra barn i barnehagen. Vi veit at det er mykje læring i samspelet med andre. Difor har dei vaksne stort fokus på arbeid med relasjonar og vennskap i barnehagen.

I dette arbeidet brukar vi «Være sammen», eit kompetanselyft for tidleg innsats og endringsarbeid i barnehagen som alle i personalgruppa arbeidar med. Målet med opplegget er å gje personalet verktøy til å vera varme og grensesetjande vaksne (autoritativ vaksenstil), gjera dei merksame på måten dei opptrer på og korleis dei vaksne sin væremåte kan påverka barn si utvikling.

Vi veit at vaksne som er medvitne sin måte å vera på, vil vera gode rollemodellar for barn og på den måten kan vera med på å hindra mobbing.

Barnehagen er ein sentral arena for utvikling av språk, kultur og identitet. Språket er ein føresetnad for utvikling av vennskap og deltaking i fellesskapet. Barn si språkutvikling heng nøye saman med kvaliteten av det språkmiljøet dei er ein del av. Eit rikt språkmiljø byggjer på kompetente tilsette som forstår barna sine ulike uttrykksmønster, som kan gje støtte og utfordre barna til vidare utvikling. (Kvalitetsplanen for barnehagar i Hå 2018-2021)



1.3 Prosjektarbeid

Vi meiner at alle lærer mest av det dei er opptekne av. Noko må vi læra og andre ting har vi lyst til å læra meir om. Difor vil alle gruppene i løpet av året ha eit eller fleire prosjekt, dvs tema som tek utgangspunkt i barna sine interesser. Kva det kan verta og kor lenge prosjektet varer, vil variera.

Vi vil og arbeida med eit felles prosjekt/ temaarbeid gjennom heile året; eventyr. Då vil kvar avdeling fordjupa seg i ulike eventyr. Nokre eventyr blir valt fordi barna synes dei er interessante, mens andre blir valt fordi dei vaksne trur barna vil ha interesse for dei. Vi vil formidla eventyra ved å bruka konkretar og dramatisering. Vi vil arrangera fellessamling for heile barnehagen eit par gonger i løpet av året, der barna får vera med å dela det dei har arbeida med.

1.4 Kosthald og helse

Sunt og variert kosthald har betydning for både fysisk og psykisk helse. Barnehagen har eigen kokk i 80 % stilling som lagar mat og står for innkjøp av all mat.

Vi har tre fellesmåltid i barnehagen; frukost, lunsj og frukt. Det er frivillig å eta frokost. Alle får, minst 1 gong pr. veke, varm mat/ middag. I tillegg vert det servert havregraut til frukost to gonger i veka. Barna får tilbod om frukt og grønt kvar dag. Vi legg vekt på at barna skal få god tid til å ete, og at vi vaksne er gode rollemodellar og legg til rette for god samtale rundt måltidet. Vi har ein «regel» som seier at vi kan ikkje seia vi ikkje liker noko, før vi har smakt.

Fysisk aktivitet er viktig. Vi går vi på turar i nærmiljøet, er ute minst 1 gong pr. dag og brukar det store, fine gym-romet vi har.

1.5 Bruk av lokalmiljøet

Vi har eit nærområde med mange flotte uteleikeplassar, skogen og grillhytte med panoramautsikt over sør- Jæren. Leikeplassane byr på forskjellige aktivitetar. Skogen, med hytte og gapahuk, vert ofte nytta til utforskning av både plante- og dyreliv. Den nye grillhytta vert ofte brukt, med eit attraktivt uteområde og moglegheit for å trekkje inn for å eta nista.

2 Barnehagen sitt verdigrunnlag

2.1 Barnehagen skal ta vare på barna sitt behov for omsorg

Barna i Stokkalandsmarka skal oppleve å få god omsorg kvar dag. God omsorg inneberer at dei vaksne er bevisste og har kunnskap om trygghet, tilknytning, omsorg og barn si utvikling. Som omsorgspersonar tek dei vaksne ansvar for at kvar enkelt barn får dekkja sine behov for kos, trøst, stell, trygghet og nærvær gjennom heile dagen. Dette krev ansvarsbevisste vaksne som er nærverande og engasjert i det enkelte barn si trivsel og utvikling, autoritative vaksne som både trøystar og utfordrar.

Overgangsobjekt, som kan vera tytt, koseklut, bamse og anna, hjelper barna å halda på det indre bilde av familien sin mens dei er i barnehagen. Dette er med på å skapa trygghet hos barna og difor er overgangsobjekta tilgjengelige i barnehagen så lenge barna treng det.

Alle barn har sin eigen primærkontakt når dei startar i barnehagen. Primærkontakten arbeidar for å etablera ein god relasjon og skapa trygge rammer rundt barnet. Det er heilt nødvendig for å ivareta barnas psykiske og fysiske trygghet. Primærkontakten skal sørge for at kvar enkelt barn får både fysisk og emosjonell omsorg.

Nokre gonger klarer ikkje primærkontakten og barnet skapa ein god relasjon. Då er vi fleksible og bytter primærkontakt, slik at alle barn skal få oppleve ein trygg og god relasjon til sin primærkontakt.

Barnehagen skal tilby barna eit godt miljø prega av humor, kreativitet og omtanke for fellesskapet. Det ligg mykje omsorg i å gje barn varierte utfordringar og rom for meningsfulle aktivitetar. Å gje barn moglegheit til å gje og ta imot omsorg, er eit viktig grunnlag for utvikling av sosial kompetanse og er med på å bidra til ei livslang læring.

2.2 Barnehagen skal ta vare på barna sitt behov for leik

«Leken skal ha en sentral plass i barnehagen, og lekens egenverdi skal anerkjennes» R -planen 2017 s. 20.

Leik og uteaktivitet er ein viktig del av barnekulturen. Barn skal få impulsar og inspirasjon til leiken gjennom opplevingar i nærmiljøet. Barnehagen sitt innhald skal inspirera til fantasi, skaparglede og livsutfolding.

Barn leiker fordi dei har lyst. Leiken er frivillig og ein aktivitet i seg sjølv, ikkje fordi ein vil oppnå noko. I leiken improviserer barna, dei kan vera og gjera mange ting som ikkje passar i andre samanhengar. Og leiken krev tid, barna må få tid til å leika!

Språket utviklar seg i samhandling med andre, og leiken er den viktigaste samhandlingsarena for barn. Leiken har ein verdi i seg sjølv, men det er og eit stort potensial for læring og utvikling i leik. Til meir språk barna kan, jo meir bærande blir det verbale samspelet for og i leiken. Barn lærer språket som vert brukt i leiken av kvarandre. Ferdigheter knytt til korleis ein bruker språket i samhandling er viktig for å få innpass i leik og for at leiken skal oppretthaldast og ikkje bryte saman.

Barn med svake språklege ferdigheter leiker ofte åleine og blir ikkje verande i leik over tid. Ekskludering og tilbaketrekning kan vera årsaker til at barn med svake språklege ferdigheter fell utanfor leiken. Derfor er det viktig at personalet i barnehagen er bevisste på at alle blir inkludert og at dei legg til rette for at alle barn i barnehagen får delta i leik med andre barn.

Personalet må vera tilgjengeleg for barna ved å støtta, inspirera og oppmuntra barna i leiken deira. Dette kan danna grunnlag for å sikra at alle barn får gode erfaringar og opplevingar av å meistre samspelet med andre barn i leik. Leiken er ein arena der barna får øva på sosiale ferdigheitar som å venta på tur, innordna seg andre, koma med forslag.



2.3 Barnehagen skal fremme danning

Danning er ein livslang prosess der dei vaksne skal rettleia barna i møte med krav og forventingar som samfunnet set. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal vi i barnehagen vera med på å bidra til at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yta motstand og handlingskompetanse. Det krev vaksne som samtalar og samspelar med barna og som hjelper dei til å forstå og øver opp barna sin evne til refleksjon. Målet for danning er at barna skal verta trygge på seg sjølv og utvikla sin eigen identitet. Barna skal oppmuntrast til å ta eigne val og få hjelp til å forstå konsekvensane av eigne handlingar. Den langsiktige tenkinga er å bidra til at barna betre kan forstå at dei er ein del av eit større samfunn.

2.4 Barnehagen skal fremme læring

«I barnehagen skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre». R-planen 2017 s. 22.

Barn oppsøker situasjonar der dei lærer, spør om kunnskap og eksperimenterer og ved at vaksne undrar seg i lag med dei. Personalet i barnehagen skal ha kunnskap om korleis barn lærer. Det er og dei vaksne sitt ansvar å variera mellom støtte og utfordring i barn si læring som Vygotsky beskriv som «støttande stilas».

I barnehagen sin visjon, « Alle sanser på, vi skal lære nå», ynskjer vi å få fram at det er mange måtar å lære på og at vi i barnehagen skal vera bevisste på å både smaka og lukta, føla, sjå og høyra, i tillegg til at vi skal bli bevisst på kroppen og bruk av den.

Progresjon. Det er vanskeleg å bestemma på førehand kva barn kjem til å lære eller kva for utbytte dei får når vi planlegg eit tema. Skal vi ta på alvor

barn si medverknad og ta utgangspunkt i deira interesser kan vi ikkje laga for mykje styrte planar. Vi tenkjer heller at vi må variera måtane vi arbeider på og vera kreative.

3 Fokusområde frå Kvalitetsplan for barnehagen

Trygt og inkluderande barnehagemiljø er tema for den kommunale felles-satsinga dette barnehageåret.

Alle barn skal oppleve å høyre til og vere ein del av fellesskapet i barnehagen. Personalet kan gjere ein forskjell ved å støtte barn i å etablere gode relasjonar og vennskap. For å stoppe negative handlingar er det ein føresetnad at personalet er aktivt tilstade for å hindre negativ og ekskluderande åtferd.

Ved å ha fokus på eit trygt og inkluderande barnehagemiljø vil vi gje barna felles leikereferanse som reiskap for vennskap og inkludering. For å få dette til må personalet ha leikekompetanse og kompetanse på god kommunikasjon som inkluderer alle barn, uavhengig av alder, utvikling, funksjonsnivå og etnisitet.

(Henta frå *Kvalitetsplan for barnehagen 2018 – 2021*)

Vi vil arbeida med dette gjennom å ha fokus på språk, leik og sosial kompetanse. Vi vil og bruka temaet *Eventyr* i dette arbeidet.

4 Medverking

4.1 Barn

Kor omfattande medverknaden vil vera, avheng av barna sin alder, funksjonsnivå og bakgrunn. Med det meiner vi at eit barn på 5 år forstår meir og kan sjå konsekvensane av enkle val i motsetning til ein 1-åring. Barn sin rett til medverknad må skje ut frå det enkelte barn sin ståstad. Dei vaksne må sjå, høyra og forstå barna. Kommunikasjon er viktig i denne prosessen! Dei vaksne må høyre og tolke kroppsspråket samt vera observant på handlingane, det estetiske uttrykket og etter kvart det verbale språket. Barna må oppmuntrast aktivt til å gje uttrykk for sine tankar og meiningar og verta møtt med anerkjenning for sine uttrykk. Dei yngste barna formidlar sine synspunkt med kroppshaldningar, mimikk og andre kjensleuttrykk. Dette krev

vaksne som leitar, finn og fangar barn sine interesser og meiningar for å leggja best mogleg til rette for medverknad.

4.2 Foreldresamarbeid

« Samarbeid mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål». R- planen 2017 s. 29.

Barnehagen er oppteken av eit godt foreldresamarbeid, og ynskjer at samarbeidet skal byggja på tillit og god kommunikasjon.

Vi ynskjer tid til dagleg kontakt med foreldre/ føresette når barna vert levert og henta. Av og til er det ikkje rom for ein lang samtale i denne tida. Då er det fint om de gjer oss eit lite «vink», så finn me ei tid som eignar seg for samtale.

I tillegg ynskjer vi at alle foreldre har to samtalar med pedagogisk leiar i løpet av året. Har ein behov for meir, kan ein be om det.

Det vert arrangert felles foreldremøte inntil to gonger pr. år.

Meir formelle fora for foreldresamarbeid er FAU, foreldrearbeidsutvalget, og SU, samarbeidsutvalg.

5 Overgangar

5.1 Når barn begynner i barnehagen

Om våren når barna har fått plass i barnehagen, frå ca påske, gir vi tilbod om besøk i barnehagen på den avdelinga dei skal vera frå hausten. Vi kallar det tidleg oppstart Det er besøk 1 time, ei gong i veka fram til ferien. Det vil vera personalet som skal arbeida med barna som er med på denne tidlege oppstarten.

Før oppstart har vi oppstartsamtale med foreldre til nye barn.

På hausten får alle høve til å ta så lang tid til tilvenning som dei treng, men alle må minimum ha 5 dagar tilvenning.

5.2 Overgangar innad i barnehagen

Dei minste, 1 og 2-åringane skal, så langt det let seg gjera, vera i same gruppe og i same areal dei to fyrste åra i barnehagen. Dei har plass i 1. etasje.

Når dei skal begynne oppe, som 3-åringar, brukar vi våren til å gå på besøk. Då er personal som dei kjenner med opp. Kor lenge og kor mange



besøk det vert kvart år, er eit samarbeid mellom dei som har barna og dei som skal ta imot barna.

Dei som skal over som 4 og 5-åringar går og på besøk, men ikkje så ofte som 3-åringane sidan dei har hatt meir samarbeid gjennom året.

Dersom foreldre ynskjer det, kan dei få samtale med den nye pedagogiske leiaren som skal ha barnet ved overgang til ny gruppe.

5.3 Overgang barnehage-skule

I Hå er det laga ein plan for overgang barnehage-skule. Planen seier noko om arbeidet som skal gjerast i barnehagen. Det skal mellom anna arbeidast med sosial kompetanse og språk. Vidare står det i planen at det skal vera minimum 4 besøk på skulen i løpet av våren.

Vi samarbeider med Vigrestad barnehage og prøver å treffa skulegruppa der eit par gonger i løpet av våren.

Dette året har vi eit barn som skal begynne på Oгна skule, resten skal gå på Vigrestad skule.

Foreldre, skulen og barnehagen har ein samtale på våren «Saman om oppvekst» for å utveksla erfaringar og forventningar før skulestart.

Meir informasjon om overgang til skulen, sjå Kommunal plan for overgang barnehage-skule: www.ha.kommune.no

6 Samarbeid

6.1 Samarbeid internt i barnehagen

Vi har grupper på tvers av avdelingane for at barna skal bli kjent med andre, større og mindre barn.

Vi har felles arrangement, eks nissefest, felles samlingar, Lucia-feiring, sommarfest .

Vi har interne møter, både faste og møter etter behov. Slike møter er avdelingsmøter, personalmøter og pedagogmøter.

6.2 Samarbeid med eksterne instansar

PPT. Vi har ein kontaktperson, Beathe Hobberstad, som gir oss rettleiing i høve til barn som er meldt opp til PPT eller i saker vi er i tvil. Beathe er og med på møter i ressursteamet.

Spesialpedagog. Vi har ein spesialpedagog, Cecilie Obrestad, som er knytta til barnehagen 2 dagar pr veke, måndag og onsdag. Ho arbeider i forhold til einskilde barn og gir rettleiing i forhold til organisering av grupper. Ho arbeidar ikkje i høve til einskild barn utan at foreldre er informerte.

Barneverntjenesten. Vi har ein kontaktperson der som heiter Daniel Roaldsøy David. Hos han kan vi få råd dersom det er noko vi lurar på. Elles deltek han på møta i ressursteamet.

Helsesøster. Vår kontaktperson på Vigrestad helsestasjon heiter Monica Aanestad. Ho deltek og på møta i ressursteamet.

Opplæringskontoret. Der samarbeider vi med fleire om både pedagogiske spørsmål, praktiske spørsmål og om lønn- og arbeidsforhold.



UiS. Vi er praksisbarnehage for barnehagelærarstudentar ved Universitet i Stavanger. Vi får studentar gjennom heile året i ulikt antal veker. Barnehagelærarane er ansvarlege for studentane og i år skal Therese Brattland og Gudrun Oltedal ha studentar. Det vert oppslag i garderoben før studentane kjem.

7 Trafikksikker barnehage

I Hå kommune har barnehagane fokus på trafikksikkerhetsopplæring som ein del av det pedagogiske opplegget. Då ha vi fokus på;

- Trafikkregler
- Fotgjengar
- Refleks
- Bruk av bilbelte
- Sykkelhjelm
- Bruk av sansane, særleg syn og hørsel

8 Vurdering

Personalet evaluerer arbeidet sitt både dagleg og i etterkant av tema. Vurdering er knytta opp mot det enkelte barn og barnegruppa. Dette skjer gjennom refleksjon og veiledning.

Vi har og interne vurderingsskjema, som f.eks Kvalitetskrysset.

Alle barnehagane i kommunen brukar «Ståstedsanalysen» som eit reiskap for å vurdera praksis.

Elles ser vi på den tilbakemeldinga vi får frå foreldra i levering og henting som vurdering.



MÅNAD	FORELDRE INFO	FELLES AKTIVITETER
August	- Planleggingsdag fredag 14. august.	
September	- Foreldresamtalar før veke 41 - Foreldremøte - Levering av haustferie-lapp fredag 18.09.	Lære om brannvern og ha evakueringsøving.
Oktober	- Haustferie på skulen veke 41, 5.-10. okt.	
November	- Levering av juleferie-lapp torsdag 12.11. - Planleggingsdag fredag 13.11.	
Desember	- Ta med juleposen siste dag før jul	Nissefest Luciadagen Fellessamling om juleevangeliet Juleverkstad for foreldre og barn
Januar	- Fyrste dag etter nyttår måndag 04.01.	
Februar	- Levering av vinterferie lapp-fredag 05.02	Pysjamasfest
Mars	- Vinterferie på skulen veke 9, 01.-05.03 - Søknadsfrist hovudopptak og endring barnehageplass 01.03 - Levering av påskeferielapp fredag 5.3. - Foreldresamtalar før veke 12 - Påskeferie veke 13, 29.03-06.04	Barnehagedagen Fellessamling om påskebodskapet Foreldrefrokost
April	- Planleggingsdag tysdag 06.04 - Levering av sommarferie-lapp fredag 9.04. - Startar med tidlig tilvenning for nye barn	
Mai	- Lørdag 01.05. Offisiell høgtidsdag - Torsdag 13.05. Kristi himmelfartsdag - Fredag 14.05. Planleggingsdag - Måndag 17.05. Norge sin nasjonaldag - Måndag 24.04 2. pinsedag	Onsdag 12.05. felles 17. mai feiring i barnehagen.
Juni	- Tur med dei eldste barna	Avslutningsfest med dei eldste barna og foreldre Sommaravslutting regi FAU

Kontakt :

Stokkalandsmarka barnehage

Stokkalandsbakken 2

4362 Vigrestad

Epost: post.stokkalandsmarka.barnehage@ha.kommune.no

Epost styrer Astrid Skretting: ask@ha.kommune.no

Heimeside: <https://www.ha.no/stokkalandsmarka>

Sentralbord 51 43 56 40

Styrar 992 14 826

Ass.styrar 459 74 785

Sekretær 992 14 880

Kjøkken 400 36 642

Ulvahiet 916 34 152

415 32 636

Revahiet 415 32 646

Beverhytta 992 14 863

Grevlinghola 992 14 872

Fuglereiret 415 32 614

Ekornhola 992 14 873

Bikuba 992 14 875

Maurtua 415 32 639

